

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke :

Telemark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad :

Kviteseid

Emne :

Transport av høy.

Bygdelag :

Brunkeberg

Oppskr. av :

Fjergen H. Fleggheim

Gard :

Fleggheim

(adresse) :

Meås-p.o.

G.nr. 105 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

) Etter det eg hev fenge
spurt om forholdi andre
stær i bygdi, høyt fortalt

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

gardbruker

Mest deler for etter min avdøe far Halvor J. Fleggheim fødd på
Fleggheim i Brunkeberg 1859. Død 1938, 78 år gammel.

SVAR

1. Transport av høy var ulike på dei ymse garar og plassar. Dei som ikkje ha hest, særleg mindre plassar laut anten bera kull draga høyet i hus. Dei som sat på større garar sat som oftast med hest, men ha liti tid og avsjå, då brugs- og arbeidsmåtarne var tyngre då en no for tid.

Utmærkslåt var myki bruka. I 1800 talet var den so og sei bruka oppi alt. Dei sat me so myki små krøtor at dei ha for lite dyrka etter krøtor talet. Dei fleste bruka den gamle åkeren stød, so det var lite atlagt til eng. Dei slo i utmarki, på hei og staulslåttor, myrar og upp i fjellgrødi der var so feitt gras. Difor lika bjørnen seg og i slike "grødi" dei kalla. Og jægran stilla etter han der umværo når den kom ut. Der høysel ikkje var sette dei høystakkar. Utmærkslåttan heldt seg seg lengre på dei små plassar, då dei ha mindre rå til å beige,

2.
og laut strava burte på arbeid.
Det var i slutten på 1800 talet og i
førstningi av det vittande at utmark-
slåtten tok av. No slør dei berre ein
og onor plassen som er avlagd. Då
me so kom inn i 1900 talet gjikk det
mest gvi til slåmaskin og høgriva.
Plukkja og langja var då bruka der dei
ikkje fekk fara med maskina. No tok
dei til å dyrka for alvor. Dei som då
ikkje ha hest måtte draga og bera i hus.
Det var tungt og slitsamt men folk
gav ikkje so lett upp i den tid.

2. Når dei so skulde få det fram til høy-
stakken hell høysele bar dei for
det mest. Enkelte kjørde på slede.
Når dei bar høy so var det i tang
med ei trehekt. Hoa var vistnok
ikkje i bruk her. Når tangi var lagt
dobelt bae endan like lange, ~~for~~
hekti sått gjennom på mitten
med ein knute. So la dei tangi
ut på bakken og kjemte i med ei tre-
rive. Når dei ha lest ei passeleg byrd,
trødde dei endarne av tangi gjennom
hekti og drog se. Ein mann sette seg
ned på bakken onde byri. Trødde ar-
man onde tangi som lag rundt akster-
ne, heldt so i tangendan og reis upp.
Var byri song og flatt lende, stod
ein bak og lyfte i byri til han
som bar ha reist seg. Det var kalla
og bera høybyr. Some bar høy
når regen va stutt i eit kjell (lakur)

3.
det var helst når det var smått finnting,
som var vanskeleg og få med i tang.
Både boni og dei vaksne var med
i høynni, det var stue dagar ofte
når været var godt og myki høy skull
i hus. Når dei frakta høy frå ulante
staer bruka dei løyvestrang. Den
var nok bruka i heile 1800 talet og leng
attende og, den er no sjeldnar då det
ikkje er utslattor til keiass. Andre
reiskap ^{ellars} utanom høyvogn og tremei-
slede kjennes ikkje.

3. Høye var frakta heim på etterjolsveten.
4. I 1800 talet var hjulslede med meiar framme
og hjul bak mest bruka. No er det fire
hjula høyvogn og some stader slede
som vert bruka. Det hev og vore no
i 1900 talet prøva og bruka vogn
med 3 hjul på mitten av høyvogni.
Helst tilrådd på brattare garar.
Tremeisleden var ofte bruka i pratte
bakkar med utforkjøyring. Høyvogn
og sleden var vel ein meter breie,
og kring tvo meter lange. Um veten
bruka dei skønning, ikkje om somaren.
Um veten kjøyrde dei kvar dei vilde,
somaren var det onorleids då det var
eng og åker og passa for trakk.
Det var same vogn hell slede til
konn som høy kjøyring. Til å halda
høye fast på sleden um veten var
det lagt lange bjørke hell oresveggar
upp på lastet, det var vanlege grunder
på sidon. Røndt det heile gjorde dei ei
tang.

4.
Når lasset skulde lessas var ein uppe i det og frådde, ein annan leste i, på den måten fekk dei myki grå. Lasset var lest etter storleiken på sleden.

Det er ikkje kjent at det var forskjeld på lassi, ikkje at noko skulde liggja at heller. Lassi var gjurde med ei tauq med hekt i enden, den vanlege høytang. Det kalla dei å gjure Høylass. På tauq til å bera i og til gjuring var ingen forskjeld. Noko forskjeld på høylassi hev eg ikkje høyr. Det var brukta berre ein hest for lasset.

5. Dei kjørde i kvar sin slede, og når dei dela høyet var det som regel etter lassetalet. Høyet var frakta heim ut på veteen som nesent fye.

Når dei kjørde var det for meste berre ein hest på større sløttar. ha dei val gjerne fleir. Men dei som berre sat med plassar laut draga det heim i ein liten drag slede med små grindar. Dei tråkka vegen med trug i tøyr (mild var) eller tøk som det og vart kalla. Andre som ha hest bakt trug på den og brøyte på den måten. Istore snovetter var det stritt og halda vegarne opne. Dei kjørde som regel ut par lass, og uppe til fleir etter som vegen var lang eller kort.

Ja slik arta ^{hij}transporten seg for det meste yver heile Kvifeseid herad, i 1800 talet og fyr og, heilt til me kom inn i 1900 talet. Då kom det inn i meir moderne ^{former}.

Til

Norsk Etnologisk Forening

Norsk Folkemuseum. Oslo.

Eg sender no atkende dei svarlistene
Transport av høy, utfylte so godt som
det hev latt seg gjere.

Det var mange spørsmål so eg hev ikkje
fått tid til å sendt dei inn før.

Vonar at Dykk kann få bruk for
noko av dei svara eg hev gjive.

No er det meire som kunne vore teke
med um høyslåt, varmerke i slatten,
slåttid, husmennarne som laut arbeia
på gardane for større garsbruk, navn på
ymse reidskape o. a.

Men etter det eg forstod av spørje-
liste so kjem det under eit ana evne
um høyslåt.

Det meste er fortalt av far ⁹⁴
som var ein god fortelgjar. Elers so.

hev eg passa på småting av det eg
sjølv hev høyr, og so sett alt saman
no etter spørjelista

Med Vyrndnad
Fjergen Heggsvit.
Heis, p. o.

Hev ei liste uskrivi til neste gang.

Skall senda med nokre rit av ymse
reidskaps når evne er ferdig og navn på:
D. F.